



«MOTTAKERNAVN»

«ADRESSE»

«POSTNR» «POSTSTED»

«KONTAKT»

Saksbehandlar, innvalstelefon

Linda Myhre, 33371193

Statsforvaltaren ber om forslag til område for naturtypekartlegging i 2022

Målgruppa for dette brevet er fagpersonar og leiarar i kommunen med hovudansvar innan areal-, natur- og/eller landbruksforvaltning.

Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark inviterer til innspel frå kommunane om område som bør kartleggast for naturtypar etter NiN- metodikk (Natur i Noreg). Forslag til kartleggingsområde sendast Statsforvaltaren via kartløyninga (sjå lenke lenger ned) og med e-post som stadfestar innmelding av område til Linda Myhre (fmvelmy@statsforvaltaren.no) seinast **31.oktober**.

Statsforvaltaren får kvar haust oppdrag frå Miljødirektoratet om å foreslå nye område for naturtypekartlegging etter Miljødirektoratet sin instruks (også omtalt som NiN-kartlegging). Vi vil vurdere innspel frå kommunane m.fl., og skal levere endelege forslag til Miljødirektoratet innan 15. november. Miljødirektoratet vil ha ein open innspelsrunde i desember, og etter ei samla vurdering prioriterer dei kva for område som skal kartleggast i 2022.

Kriterie for område som ein foreslår for kartlegging (både bør vera oppfylt):

a) stor aktivitet og stort utbyggingspress (nå, eller sannsynleg i framtida)

b) forventning om å finne naturtypar etter Miljødirektoratets kartleggingsinstruks for 2020

Med "stor aktivitet og stort utbyggingspress" meiner ein til dømes område som er aktuelle for

utbygging av veg og jernbane, kraftutbygging, eller anna utbygging som bustader, hytter og

næringsareal, samt for skogsdrift og intensivering av jordbruk. Område som er påverka av andre

endringar i arealbruk og klimaendringar, eller der naturtyperegistreringane er så gamle eller

upresise at dei ikkje er nyttige i samband med forvaltninga, kan også vera med i utvalet. Naturtypar

som er utsett for klimaendringar, jf. Norsk raudliste for naturtypar 2018, er inkludert i

kartleggingsinstruksen.

For kvart foreslegne kartleggingsområde skal det leverast ein omtale av:

i) Trusselbiletet, inkludert tidsaspektet for og omfanget av trusselen ii) Kva for naturtypar etter

Miljødirektoratets instruks ein ventar å finne i området iii) Kvifor ein ventar å finne desse

naturtypane iv) Aktiviteten og utbyggingspresset i området jf. kriterium a).



Resultatet frå kartlegginga i 2022 er venta i Naturbase i starten av 2023, i form av naturtypelokalitetar innafor kartleggingsområdet. Datasetta skal inngå i Det offentlege kartgrunnlaget (DOK) og blir del av kunnskapsgrunnlaget i kommunen, til dømes i arealplanlegginga.

Foreslå område for kartlegging i 2022

Områda kommunane foreslår som moglege kartleggingsområde ønskjer vi avgrensa i kart. Statsforvaltaren har utvikla ein digital kartløyising der du sjølv kan avgrense områda og du kan skrive eigenskapane inn i eit skjema i kartløyisinga.

Lenke til kartløyisinga:

<https://fylkesmannen.maps.arcgis.com/apps/webappviewer/index.html?id=cd32dda0d76548bb8af4ed68dbf23f05>

I kartløyisinga kan du sjå tidlegare kartlagde område og område som har vore foreslått, men ikkje har blitt prioritert. Her er det også mogleg å leggje på nokre tema som kan vera til hjelp når nye område skal vurderast, til dømes naturtypar etter DN-handbok 13, nøkkelbiotopar/MiS registreringar osv. Forslag til område for kartlegging i 2022 avgrensast her. Det er vegleieing om korleis dette kan gjerast integrert i dette digitale verktøyet.

Meir informasjon om naturtypekartlegging

- Miljødirektoratets kartleggingsinstruks for 2021 (vedlegg 9 gjer liste over naturtypane som kartleggast): <https://www.miljodirektoratet.no/publikasjoner/2021/februar-2021/kartleggingsinstruks--kartlegging-av-terrestriske-naturtyper-etter-nin2/>
- Veileder Naturtyper i arealplanlegging: <https://www.miljodirektoratet.no/ansvarsomrader/overvaking-arealplanlegging/arealplanlegging/miljohensyn-i-arealplanlegging/naturmangfold/naturtyper-i-arealplanlegging/>
- Veileder Kartlegging av naturtyper på land: <https://www.miljodirektoratet.no/ansvarsomrader/overvaking-arealplanlegging/naturkartlegging/myndigheter/kartlegging-av-naturtyper-pa-land/>
- Veileder Bestille kartlegging av naturtyper på land (når kommunen sjølv skal bestille kartlegging): <https://www.miljodirektoratet.no/ansvarsomrader/overvaking-arealplanlegging/naturkartlegging/myndigheter/bestille-kartlegging-av-naturtyper-pa-land/>

Ta gjerne kontakt ved spørsmål til saka.

Med helsing

Arne Christian Geving (e.f.)
fagsjef

Linda Myhre
senioringeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent



Kopi til:

VESTFOLD OG TELEMARKE FYLKESKOMMUNE Postboks 2844 3702 SKIEN

Mottakerliste:

MIDT-TELEMARKE KOMMUNE	Bøgata 67	3800	BØ I TELEMARKE
SKIEN KOMMUNE	Postboks 158 Sentrum	3701	SKIEN
HOLMESTRAND KOMMUNE	Postboks 312	3081	HOLMESTRAND
NOME KOMMUNE	Ringsevja 30	3830	ULEFOSS
VINJE KOMMUNE	Vinjevegen 192	3890	VINJE
NISSDAL KOMMUNE	Treungvegen 398	3855	TREUNGEN
KRAGERØ KOMMUNE	Postboks 128	3791	KRAGERØ
FÆRDER KOMMUNE	Postboks 250	3163	NØTTERØY
TINN KOMMUNE	Postboks 14	3661	RJUKAN
SELJORD KOMMUNE	Brøløsvegen 13A	3840	SELJORD
HORTEN KOMMUNE	Postboks 10	3191	HORTEN
LARVIK KOMMUNE	Postboks 2020	3255	LARVIK
DRANGEDAL KOMMUNE	Gudbrandsveien 7	3750	DRANGEDAL
NOTODDEN KOMMUNE	Postboks 193	3672	NOTODDEN
KVITSEID KOMMUNE	Kviteseidgata 13	3850	KVITSEID
SANDEFJORD KOMMUNE	Postboks 2025	3202	SANDEFJORD
FYRESDAL KOMMUNE	Klokkarhamaren 6	3870	FYRESDAL
TOKKE KOMMUNE	Storvegen 60	3880	DALEN
PORSGRUNN KOMMUNE	Postboks 128	3901	PORSGRUNN
TØNSBERG KOMMUNE	Postboks 2410	3104	TØNSBERG
SILJAN KOMMUNE	Sentrumsveien 105	3749	SILJAN
BAMBLE KOMMUNE	Postboks 80	3993	LANGESUND
HJARTDAL KOMMUNE	Saulandsvegen 414	3692	SAULAND